

## PS 11/2022: Meir veg for pengane

Saksprotokoll i Fylkestinget - 16.03.2022

---

### Saksgang:

- Hovudutval for samferdsel og mobilitet 16.02.2022
- Fylkesutvalet 08.03.2022
- Fylkestinget 16.03.2022

**Avrøysting:** Innstillinga i vedtaket vart samrøystes vedteken.

### Vedtak:

1. Fylkestinget legg til grunn at handlingsrommet i vegnormalane vert nytta der dette gjev best mogleg trafikktryggleik og mest mogleg veg for pengane.
2. Fylkestinget legg til grunn at ein ikkje skal gjere kostnadssparande tiltak i byggefasen som gjer at livsløpskostnadane for vegen blir høgare.
3. Fylkestinget ber om at val av kontrakttype bidreg til å gje mest mogleg veg for pengane ved bruk av mellom anna god dialog med marknaden.
4. Fylkestinget godkjenner at det i særskilde tilfelle kan akseptast at det blir etablert turveg langs fylkesveg på kommunalt eller privat initiativ. Turveg kan berre vurderast på strekningar der det ikkje føreligg langsiktige planar om utbygging av fullverdig tilbod til mjuke trafikantar. Det vert stilt krav til at tiltaket ikkje reduserer kvaliteten til fylkesvegen og tryggleiken til trafikantane.
5. Fylkestinget forventar at meir veg for pengane er ein del av ein kontinuerleg forbetningsprosess, og at status på arbeidet blir rapportert årleg.
6. Fylkestinget føreset at prinsippa ovanfor om «Meir veg for pengane» blir lagt til grunn i arbeidet med det økonomiske handlingsprogrammet med investeringsprogram til Regional transportplan.
7. Fylkestinget føreset at fylkeskommunen, i tett dialog med kommunane, vurderer om ein med mindre utbetringar eller punktutbetringar kan betre trafikktryggleiken eller framkomma for dei vegfarande.